

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 014	16/463

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2016	Valnemnda	PS	31.05.2016
052/2016	Kommunestyret	PS	22.06.2016

Val av meddommarar for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020 - Tingretten

Vedlegg:

Journalposttittel

Val av meddommarar for perioden 01.01.2017-31.12.2020
Kommunebrev vedlegg (L)(64169)

Dato

11.02.2016
10.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meddommarar til Nordhordland tingrett for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- .
- .
- .
- .

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune skal etter kommunevalet i haust velje følgjande grupper av meddommarar / lagrettemedlemmer:

- lagrettemedlemmer / meddommarar til lagmannsretten
- **meddommarar til tingretten**
- jordskiftemeddommarar til jordskifteretten

Lov om domstolane (domstollova) § 66 slår fast at lagrettemedlemmer og meddommarar skal veljast av kommunestyret sjølv. Valet gjeld for 4 år.

Dei nye kommunestyra som vart valt hausten 2015, skal innan 01.07.2016 velje lagrettemedlemmer

og meddommarar for perioden 0.01.2017 – 31.12.2020.

Det skal vere to utval for tingrettssaker; eitt for kvinner og eitt for menn (jf § 65).

Domstollova § 68, 3.ledd slår fast at ingen kan veljast til meir enn eitt av utvala. I brev frå Domstoladministrasjonen dagsett 17.11.15 er dette forklart slik:

Personer kan velges enten til lagmannsrettene eller til tingretten, men ikke begge steder. De som velges enten til tingretten eller lagmannsrett, kan imidlertid velges til jordskifte meddommere eller foreslås som skjønnsmedlem.

Fakta

Domstollova § 67 seier at utvala av lagrettemedlemmer og meddommarar skal ha ei allsidig samansetning som best mogelege speglar alle deler av kommunane sine innbyggjarar. Kommunane må difor oppmode ålmenta til å foreslå kandidatar ved annonse i lokalpressa eller på heimesida. Masfjorden kommune hadde slik annonse på heimesida og i avisa Strilen (15.april) med frist til 25.april for å kome med forslag til kandidatar. Det kom inn to kandidatnamn som begge er oversendt valnemnda.

Masfjorden kommune skal oppnemnde 4 meddommarar til Nordhordland tingrett; to kvinner og to menn, jf brev frå Nordhordland tingrett dagsett 10.02.16.

Krav til dei som skal veljast til lagrettemedlem og meddommar er gjort greie for i eige notat frå domstoladministrasjonen (sjå vedlegg) og inneheld tema som:

- krav til norskkunnskap
- peronleg egnethet
- aldersgrenser (21 – 70 år)
- stemmerett
- økonomiske forhold

Vidare i notatet er det gjort greie for kven som er utelukka til val som lagrettemedlem og meddommarar og inneheld tema som:

- utelukking på grunn av stilling (gjeld bl.a. rådmann, valnemnd og sekretær for valnemnd)
- utelukking på grunn av vandel

Kommunestyret gjorde den 21.06.2012 som sak KS-56/12 følgjande vedtak:

Nordhordland tingrett – meddommarar frå 01.01.2013 til 01.01.2017:

1	Helga Hodne	9	Willy Borge
2	Vigdis Søvik	10	Eivind Molland
3	Lise Dyrhovden	11	Harald Matre
4	Jannicke Johnsen	12	Arne Toralf Mjanger
5	Leila Torsvik Andvik	13	Arne Hindenes
6	Åse Areklett	14	Arne Berg

7	Sigrun Andvik	15	Svein Kvamsdal
8	Britt Nordland	16	Magnar Nordli

Vurdering

Nordhordland tingrett har i brev dagsett 10.02.16 skrive at dei har erfart frå tidlegare periode at dei har for mange meddommarar. Dei har difor justert ned talet dei ber om frå kvar kommune. For Masfjorden er talet redusert frå 16 til 4.

Dei valgte meddommarane vert meldt inn til tingretten elektronisk og lista alfabetisk. Den innbyrdes rangeringa av dei valte meddommarane betyr difor ikkje noko for kven som vert valt til kva sak.

Skulle ein av dei valgte personane be om fritak i løpet av perioden han / ho er valgt for, er det tingretten sjølv som oppmodar kommunen om å velje ny person viss dei finn det naudsynt.

Konklusjon

Som meddommar til Nordhordland tingrett frå Masfjorden kommune vert det valgt to kvinner og to menn for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020.

Valnemnda - 003/2016

VA - behandling:

Leiar i valnemnda Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sende over følgjande vedtak etter telefonmøte:

Nordhordland Tingrett:

Willy Borge

Arne Berg

Britt Nordland

Sigrun Karin Kjetland Andvik

VA - vedtak:

Meddommarar til Nordhordland tingrett for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- Willy Borge
- Arne Berg
- Britt Nordland

- Sigrun Karin Kjetland Andvik

Kommunestyret - 052/2016

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Meddommarar til Nordhordland tingrett for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- Willy Borge
- Arne Berg
- Britt Nordland
- Sigrun Karin Kjetland Andvik